

KLUBBHANDBOK FOR AUSTEVOLL IDRETTSKLUBB



Klubbinformasjon

| | | |
|----------------------------|---|---|
| Klubbnavn | Austevoll Idrettsklubb | |
| Stifta | 28.07.1967 | |
| Grupper og annan aktivitet | Fotball Symjing Friidrett Badminton Volleyball Klatring Skøyter Turn | Annan aktivitet: Allidrett- Idrettsskule Open hall Allidrett- Småbarnstrim Open hall for ungdom |
| Postadresse | Postboks 103, 5393 Storebø | |
| Besøksadresse | Kleivhaugen 2 | |
| E-postadresse | post@aik.no | |
| Internettadresse | www.aik.no | |
| Organisasjonsnummer | 976254449 | |
| Bankkonto | 3628.07.15179 | |
| Medlem av | Norges Idrettsforbund og Olympiske og Paralympiske Komité Hordaland Idrettskrets Austevoll Idrettsråd | |
| Tilknytt | Norges Klatreforbund Norges Friidrettsforbund Norges Svømmeforbund Norges Fotballforbund Norges Skøyteforbund Norges Volleyballforbund Norges Gymnastikk- og Turnforbund Norges Badmintonforbund | |

Innhold

| | |
|---|---|
| Klubbinformasjon | 2 |
| Innleiing | 5 |
| Klubben si historie | 5 |
| Verksemdsidé | 5 |
| Visjon | 5 |
| Idretten sine verdiar | 5 |
| Klubben sine verdiar | 5 |
| Hovudmål | 6 |
| Organisasjonen | 7 |
| Organisasjonsplan | 7 |
| Årsmøtet..... | 7 |
| Styret | 7 |
| Andre viktige oppgåver: | 8 |
| Styret sitt arbeid | 9 |
| Klubben si lov..... | 9 |
| Medlemskap | 9 |
| Medlemskontingent | 9 |
| Treningsavgifter..... | 9 |
| Startkontingentar – deltakaravgifter..... | 10 |
| Klubben sitt aktivitetstilbod | 10 |
| Barne- og ungdomsidrett | 10 |
| Barneidrett (til og med 12 år)..... | 10 |
| Ungdomsidrett..... | 10 |
| Funksjonshemma..... | Feil! Bokmerke er ikke definert. |
| Aktivitetsplan/terminliste..... | 11 |
| Alkohol og andre rusmidler | 11 |
| Mobbing | 11 |
| Reise i regi av klubben | 11 |
| Retningslinjer til deg som er:..... | 11 |
| Utøvar | 11 |
| Foreldre/føresette | 12 |
| Trenar | 12 |
| Oppgåver | 12 |

Oppmann og lagleiar 13

 Oppgaver 13

Gruppeleiar 13

 Oppgaver 14

Dommar 14

Klubbdrift 14

 Kurs og utdanning 14

 Medlemshandtering 14

 Dugnad og frivillig arbeid 15

 Politiattestar 15

 Beredskapsplan ved mistanke om trakassering og seksuelle overgrep mot medlemmer og etiske retningslinjer 15

 Klubben sitt antidopingarbeid 15

 Kommunikasjon 15

 Arbeidsgjevaransvar 15

 Tryggleiksarbeid (HMS) 15

 Beredskap 16

 Økonomi 16

 Styret sine oppgaver knytta til reknskap og økonomi 16

 Forsikringar 16

 Anlegg og utstyr 16

 Utmerkingar 16

| | |
|---|--|
| Endringar 2020 | |
| S. 2: teke vekk Norges Orienteringsforbund ,Norges Amerikanske Forbund og Norges Bandyforbund | S 16:Økonomi |
| S. 7: Nytt organisasjonskart | S 16: Beredskapsplan og etiske retningslinjer ny |
| S. 8: oppdatert oppgaver | |
| S. 11: teke vekk sjekklister for reiser | |
| S.15 :Tryggleiksansvar | |
| S 15:Arbeidsgjevaransvar | |

Innleiing

Klubben si historie

Austevoll Idrettsklubb vart stifta som Idrettslaget Huftar 28.07.1967. Det var Friidrett som stifta klubben, og nokre år seinare kom fotballgruppa inn. Desse to gruppene drifta klubben i mange år, og så kom dei andre gruppene inn etter kvart. Klubben driv aktivitet i dei greinene som for tida er aktuelle, samt at klubben arrangerer ulike lågterskel fritidssyslar som gjerne er open for personar som ikkje er medlem og. Klubben har vore oppteken av å kunne tilby faste treningstider og stadar for trening og at utøvarane etter kvart kan konkurrere mot andre. I seinare tid har også klubben teke til seg Fair Play og REN idrett. Hovudlaget er særstolt over breidda me har fått til i klubben, og dette fører til mange aktive unge og gamle.

Verksemdsidé

Austevoll Idrettsklubb skal vere ein breiddeklubb som er open for alle. Me skal samarbeide med naboklubbar der dette fell naturleg, og me skal følgje idretten sine verdiar.

Visjon

«Stolthet og glede»

Stolthet:

- Alle skal vere stolte av å vere med i idrettsklubben vår, og det skal vere kjekt å vere ein del av vårt idrettsmiljø

Glede:

- Alle skal bidra til å skape gode idrettsaugneblink på trening og i konkurranse
- Skape positive minne, som utøvarar og andre kan glede seg over resten av livet

Idretten sine verdiar

Austevoll Idrettsklubb baserer sin aktivitet på felles vedtekne aktivitetsverdiar for norsk idrett: idrettsglede, fellesskap, helse og ærlegdom.

Klubben vår blir driven etter idretten sine organisasjonsverdiar: frivilligheit, demokrati, lojalitet og likeverd.

Klubben sine verdiar

Samhald:

- Alle skal føle at dei er ein del av eit fellesskap i klubben vår
- ALLE er med og driv klubben i fellesskap: utøvarar, foreldre, besteforeldre, trenarar, lagleiarar, klubben – det er dette som skaper samhald
- Me held saman både når me vinn og når me tapar

Tilhøyrighet:

- Målet vårt er at alle skal føle at dei høyrer til i klubben vår, og skal vere stolte av å vere ein del av klubben

Omdømme:

- Klubben skal leggje til rette for at me har eit godt omdømme ut ved å ha gode retningslinjer og fokus på Fair Play

- Utøvarar og trenarteam som reiser på konkurranse, representerer klubben og må sørge for at klubben sine verdier og retningslinjer blir ivareteken

Likeverd:

- Alle i klubben er like mykje verd
- Klubben ønskjer å ha eit tilbod til alle, avhengig av trenarkapasitet/treningskontakt

Trivsel:

- Det skal vere kjekt å utøve idrett i AIK, målet er at alle skal glede seg til treningar og konkurransar

Helse:

- Alle medlemmar under 13 år er forsikra gjennom kontingent
Lenke til forsikringar:
<https://www.idrettsforbundet.no/klubbguiden/forsikring/>
- Fokus på førebygging av skade
- Rett mengde trening til rett alder

Engasjement:

- Me ynskjer at alle skal ha eit stort engasjement
 - På treningar og i konkurransar skal alle vere engasjert og gjere det trenaren seier
 - Foreldre og andre skal heie og støtte utøvarane våre på ein positiv måte - i medgang og i motgang

Tryggleik:

- Klubben har retningslinjer ved reise til konkurransar
- Det skal vere trygt å bruke anlegga våre, og alle skal føle seg trygge på trening og i konkurranse

Hovudmål

Austevoll idrettsklubb har som hovudmål i framtida:

- Å vere klubbstyrt
- Alle i klubben skal kjenne til og følgje klubbhandboka
- Skal vere ein breiddeklubb
- Ingen unødige skadar
- Alle utøvarar skal få tilbod om å kunne konkurrere
- Alle skal ha råd til å vere med i klubben

Organisasjonen

Organisasjonskart



Styremedlemmane i hovudstyret har ikkje spesifiserte oppgåver, men er med og driftar klubben etter årsmøtet sine vedtak.

Årsmøtet

Årsmøtet er klubben si høgaste myndigheit og blir heldt kvart år etter lovkrav. Årsmøtet sine oppgåver er nærmare skildra i klubben si lov. Der går det og fram korleis ein kallar inn til årsmøtet.

For å ha stemmerett og vere valbar, må ein medlem ha fylt 15 år, vore medlem i klubben i minst éin månad og ha betalt kontingent.

Innkalling til årsmøtet blir annonsert på klubben si heimeside.

Årsmøtet legg grunnlaget for klubben si verksemd og styret sitt arbeid. Alle som ønskjer å vere med på å bestemme kva klubben skal gjere og korleis den skal drivast, bør delta på årsmøtet. Protokollen frå årsmøtet skal leggjast ut på klubben si heimeside.

Styret

Styret er klubben si høgaste myndigheit mellom årsmøta. Nokre saker kan ikkje styrebehandlast, men må behandlast av årsmøtet. Det gjeld saker som går fram av «Årsmøtet sine oppgåver», og saker som er av ekstraordinær karakter eller av betydeleg omfang i forhold til klubben sin storleik og verksemd. Dersom styret er i tvil, bør saka opp på årsmøtet.

Lovpålagte oppgåver for styret:

- Setje i verk årsmøtet sitt og overordna organisasjonsledd sitt regelverk og vedtak
- Sjå til at idrettslaget sine midlar blir brukt og blir forvalta på ein forsvarleg måte i samsvar med dei vedtaka som er fatta på årsmøtet eller i eit overordna organisasjonsledd, og sørgje for at idrettslaget har ei tilfredsstillande organisering av rekneskaps- og budsjettfunksjonen og ei forsvarleg økonomistyring
- Etter behov nemne opp komitéar, utval eller personar for spesielle oppgåver og utarbeide mandat/instruks for deira funksjon
- Representere idrettslaget ut
- Nemne opp ein som er ansvarleg for politiattestar

Andre viktige oppgaver:

- Planleggje og ta vare på laget si totale drift, medrekna mål- og strategiarbeid, budsjett og rekneskap
- Sjå til at idretten sine retningslinjer for aktiviteten i idrettslaget blir følgt
- Arbeidsgjevaransvar for eventuelle tilsette
- Leggje fram innstilling til årsmøtet på kandidatar til valkomité
- Nemne opp to personar som i fellesskap skal disponere idrettslaget sin konto, og sørge for at dei er dekkja av underslagsforsikring
- Nemne opp eller engasjere rekneskapsførar
- Lage årsmelding frå styret til årsmøtet
- Oppdatering av klubbhandboka
- Signeringsrett- Dagleg leiar og leiar i hovudlaget

| Oppgåver | Dagleg leiar | Gruppene | Administrativ leiar fotball | Administrativ leiar symjing |
|-------------------------------|-------------------------------|-------------|-----------------------------|-----------------------------|
| Administrere gruppa si | | | X | X |
| Administrere uteanlegg | x | | | |
| Austevollshallen | X | | | |
| Fordele posten | X | | | |
| Betale fakturaer | X | | X | X |
| Politiattest | X | | | |
| Kalle inn til styremøte | X | | | |
| Kontakt med krets og forbund | X | X | X | X |
| Barneidrettsansvarleg | X | | | |
| Skriva årsmelding | X | | | |
| Kontakt med rekneskapsførar | X | | X | X |
| Lage gruppeårsmelding | | X | X | X |
| Søkje om midlar | X | X | X | X |
| Kontakt med Austevoll kommune | X | | | |
| Administrera heimesida | | | X | |
| Levande heimeside | X | X | X | X |
| Innmelding av medlemmar | | X | X | X |
| Medlemskontingent | x | | | |
| Forsikring | X | | | |
| Lisensar | X | X | X | X |
| Mediakontakt gruppeaktivitet | | Gruppeleiar | | |
| Mediakontakt hovudstyret | Dagleg leiar eller styreleiar | | | |
| Samarbeid med andre klubbar | X | X | X | X |
| Fair play | | X | | |
| Sponsorar | X | X | X | X |
| Arrangement | X | X | X | X |
| Ren idrett | X | | | |

Styret sitt arbeid

- Me skal ha styremøte 6 gonger per år, fleire ved høg aktivitet
- Styremøta bør bli haldt i klubbhus
- Det skal skrivast saksliste
- Ved setjing av vedtak er det fleirtalet som bestemmer
- Det skal førast protokoll

Styret er vedtaksført når eit fleirtal av styret sine medlemmar er til stades. Vedtak blir fatta med fleirtal av dei stemmene som er gitt. Ved stemmelikskap er møteleiaren si stemme avgjerande. Styremedlemmane pliktar å respektere eit styrevedtak, sjølv om det er fatta mot vedkommande si eiga stemme.

Styremøte kan bli haldt per e-post eller per telefon, sjå lovnorm § 10.

Alle gruppene har ein representant i ei lukka Facebookgruppe. Der kan me diskutere og avgjere mindre saker.

Om inhabilitet, sjå lovnorm § 9.

Klubben si lov

Klubben si lov finn du på heimesida:

<https://aik.no/wp-content/uploads/2019/07/NIFs-lovnorm-for-Austevoll-IKrev12.03.19.pdf>

Medlemskap

Nye medlemmar kan melde seg inn digitalt på heimesida.

Sjå lenke:

www.aik.no - medlemskap

Når ein vil bli medlem i ein klubb, kan ein ikke ha uoppgjorde rekningar hos ein annan klubb. Alle som har betalt medlemskontingent i klubben, er medlemmar. Medlemskapet reknast frå den dagen kontingenten er betalt.

Medlemskontingent

Medlemskontingenten er per i dag:

- Aktiv medlem kr 1500,- (2021 kr 1600,-)
- Støttemedlem kr 450,- (2021 kr 450)
- Familiemedlemskap kr 3600,- (2021 kr 3700)
- Allidrett kr 250 pr halvår (2021 kr 250 pr halvår)

Medlemskontingenten dekkjer forsikring for medlemmen fram til 13-årsdagen.

Treningsavgift

Kvar gruppe kan ha treningsavgift. Grappa skal spesifisere kva treningsavgifta dekkjer og kva moderasjon ein kan få. Ta kontakt med di gruppe for detaljar.

Dersom medlemskontingenten krevjast inn saman med treningsavgifta, skal begge vere spesifisert på fakturaen.

Startkontingent – deltakaravgift

Kvar gruppe melder på sine deltakarar/lag. Normalen er at gruppa dekkjer påmeldinga. Ta kontakt med kvar gruppe for rammer.

Klubben sitt aktivitetstilbod

Barne- og ungdomsidrett

For detaljert informasjon om idrettsforbundet sitt lovverk kan ein klikke seg inn på lenka under:
<https://www.idrettsforbundet.no/tema/juss/NIF-lov/>

For detaljerte reglar om publisering av bilete kan ein klikke seg inn på lenka under
<https://www.idrettsforbundet.no/idrettskrets/agder/retningslinjer/retningslinjer-for-publisering-av-bilder-og-film-av-barn/>

Barneidrett (til og med 12 år)

Alle som har ansvar for barn eller er trenarar for barn, skal kjenne til idretten sine barnerettar og bestemming om barneidrett. All aktivitet for barn skal leggjast opp slik at klubben følgjer intensjonane i retningslinjene og bestemmingane.

Det inneber at:

- Aktiviteten skjer på barna sine premissar
- Barna har det trygt
- Barna har vennar og trivst
- Barna opplever meistring
- Barna får påverke eigen aktivitet
- Barna kan velje om og kor mykje dei vil konkurrere

Les meir på:

<https://www.idrettsforbundet.no/tema/barneidrett/bestemmelser-om-barneidrett/>

Ungdomsidrett

Alle som har ansvar for eller er trenarar for ungdom i klubben, skal kjenne til retningslinjene for ungdomsidrett. Klubben og trenarane skal arbeide mot Ungdomsløftet til Norges Idrettsforbund:

- Tilby eit fleksibelt og variert aktivitetstilbod i tråd med ungdommane sine ynskjer og behov – idrett for alle
- Leggje til rette for at ungdom kan ta eigarskap over eigen aktivitet og få tilbod om utdanning – ungt leiarskap
- Gi ungdom som ynskjer å satse innan ein idrett, utviklingsmoglegheiter i tråd med egne ambisjonar – framtidens utøvarar

Les meir på:

<https://www.idrettsforbundet.no/tema/ungdomsidrett/>

Paraidrett-

Paraidrett er en fellesbetegnelse og defineres som idrett for mennesker med en funksjonsnedsettelse. Idretten i Agder ønsker å legge til rette slik at alle skal få oppleve idretts glede, uansett funksjonsevne og nivå

Gruppene integrerer parautøvarar inn i treninga si så langt det er mogleg. Gruppene kan leggje til rette for eigne treningar om dette er mogeleg.

Les meir på:

<https://www.paraidrett.no/om-idrett/om-paraidrett/>

Aktivitetsplan/terminliste

Gruppene publiserer aktivitetar på heimesida til klubben:

<https://aik.no/kalender/>

Alkohol og andre rusmidlar

Barn og unge som deltek i aldersbestemte klasser (under 18 år), skal møte eit trygt, alkohol- og rusfritt idrettsmiljø. Treningar, leiarar og utøvarar skal stå fram som gode førebilete for barn og unge og ikkje nyte alkohol og/eller rusmidlar i samvær med utøvarar i denne alderen.

Sjå alle retningslinjene vedrørande alkohol på:

<https://www.idrettsforbundet.no/tema/folkehelse-og-skole/alkohol-og-tobakk/>

Mobbing

AIK driv etter verdiane «Stolthet og glede», og desse verdiane skal gje trygge rammer.

AIK har nulltoleranse for mobbing.

Om ein oppdagar mobbing, så skal dette varslast til trenar/oppmann.

Trenar/oppmann tek då kontakt med dei involverte partane og kjem med forslag til løysing på mobbesaka.

Om saka er for omfattande, så tek trenar/oppmann eller fornærma saka vidare til dagleg leiar.

Om dette ikkje fører fram, så skal hovudstyret kontaktast.

Reise i regi av klubben

På alle reiser i regi av klubben (samlingar, cupar, turneringar, konkurransar osv.) skal det peikast ut ein ansvarleg reiseleiar som har overordna myndigheit frå avreise til heimkomst. Reiseleiaren kan vere ein av foreldra som har meldt seg frivillig til å vere med på eit stemne eller eit anna arrangement. Det kan vere ein eller fleire reiseleiarar, og det veljast ut éin hovudansvarleg blant dei. Alle skal vere kjend med og følge instruksen. Alle barn under 10 år skal ha følge av foreldre eller annan føresett dersom reisa inneber overnatting, om ikkje anna er avtalt.

Klubben oppmodar på det sterkaste at gruppene avgrensar snoping på reiser og ferjer.

Når ein reiser i regi av Austevoll Idrettsklubb, er ein ambassadør for klubben og bør stå fram på ein særskild god måte.

Retningslinjer til deg som er:

Utøvar

Utøvarane skal vere kjend med klubbhandboka, spesielt med tema som:

- Kva klubben står for (verdiar, visjon og verksemdsidé)

- Fair play og Ren idrett
- Aktivitetstilbodet
- Medlemskap
- Forsikringar
- Klubben sine retningslinjer og forventningar til utøvarane
- Dugnad: det er forventa at utøvar/føresette deltek i dugnadsarbeid som gruppa tek på seg samt hallvakter for gruppa si. Dette for å kunne ha så låg kontingent og treningsavgift som mogleg.

Foreldre/føresette

Foreldre bør vere kjend med:

- Kva klubben står for (verdiar, visjon og verksemdsidé)
- Fair play og Ren idrett
- Aktivitetstilbodet
- Medlemskap
- Forsikringar
- Politiattest
- Klubben sine retningslinjer og forventningar til foreldra
- Dugnad: det er forventa at utøvar/føresette deltek i dugnadsarbeid som gruppa tek på seg samt hallvakter for gruppa si. Dette for å kunne ha så låg kontingent og treningsavgift som mogleg.

AIK forventar at føresette møter på konkurransar og kampar, støttar og oppmodar til at utøvaren går på trening, køyrer når dei står på køyring, utfører dugnadsarbeid når det er deira tur, melder seg på dugnad og elles støttar trenarar og lagleiarar på ein positiv måte.

AIK forventar at alle respekterer og følgjer Fair Play-reglar og andre retningslinjer.

Trenar

Trenarane har ansvar for å sikre at medlemmane som deltek i klubben sine aktivitetar, får eit godt tilbod og blir teken vare på på ein god måte. Som trenar er man ein representant for klubben.

Trenarane bør derfor vere kjend med:

- Kva klubben står for (verdiar, visjon og verksemdsidé)
- Aktivitetstilbodet
- Medlemskap
- Lisens og forsikringar
- Politiattest
- Kompetansetilbod for trenarar
- Klubben sine retningslinjer og forventningar til trenarane
- Kva klubben tilbyr sine trenarar (honorar, utstyr, klede, kurs...)

Oppgåver

- Setje opp sportslege og sosiale mål for laget foran kvar sesong i samsvar med klubben sin sportslege plan
- Planleggje trening i samsvar med aktivitetsplan/terminliste og klubben sin sportslege plan
- Leie treningane i samarbeid med eventuelt andre trenarar/hjelpetrenarar
- Møte i god tid til trening og konkurransar/kamp
- Ha dialog og samarbeid med foreldre
- Leie laget/gruppa/utøvarane under kampar, turneringar eller løp

- Bidra i trenargruppa
- Følgje gjeldande regelverk
- Setje seg inn i barneidrettsbestemmingane og retningslinjer for ungdomsidrett frå Norges Idrettsforbund
- Sjå til at både eigen og utøvarane/laget si framferd er i samsvar med klubben sine verdiar og retningslinjer
- Vere oppdatert på informasjonen frå styret
- Representere klubben på ein god måte

Trenarane er ansvarlege for oppfølging av sine respektive tildelte utøvarar/grupper/lag. Trenarane rapporterer til gruppeleiar. I lagidrettar samarbeider trenarane med lagleiarane om organiseringa av aktivitetane som laget deltek i.

Oppmann og lagleiar

Lagleiarane er laget/treningsgruppa sin administrative leiar og har ansvaret for at alt praktisk fungerer rundt laget/treningsgruppa. Lagleiarane skal overlate alt det sportslege til trenaren/trenarane som har ansvar for organisering av treningar, lagoppsett til kampar/stemne, gjennomføring av kampar osv.

Oppmenn/lagleiarar bør vere kjend med:

- Kva klubben står for (verdiar, visjon og verksemdsidé)
- Aktivitetstilbod
- Medlemskap
- Lisens og forsikringar
- Politiattest
- Klubben sine retningslinjer og forventningar til oppmennene/lagleiarane
- Kva klubben tilbyr sine oppmenn/lagleiarar (utstyr, klede, kurs...)

Oppgåver

- Ajourføre og sende inn namnelister på spelarar/utøvarar og lag
- Gjere seg kjend med gruppa sin sportslege plan
- Arrangere møte for foreldre og spelarar/utøvarar
- Gå igjennom Fair play-reglar, foreldrevettreglar og sportsleg plan med alle spelarane og føresette
- Møte på lagleiar- og allmannamøte
- Gi informasjon til spelarar/utøvarar, trenarar og føresette
- Melde på til cupar, stemne og turneringar evt. melde til dagleg leiar/administrativ leiar(fotball og svømming) /påmeldingsansvarleg
- Lage dugnadslister
- Arrangere heimekampar og konkurransar, setje opp vert som skal ta imot gjestande lag/utøvarar og dommarar, fyller ut eventuell kamprapport
- Administrere reiser til/frå kampar eller stemne
- Skaffe dommarar der kretsen ikkje set opp
- Sikre at alle utøvarar/spelarar har lisens/forsikring
- Ha korrekt utstyr og fyrstehjelpsskrin saman med trenaren

Gruppeleiar

Gruppeleiar har eit overordna ansvar for all sportsleg aktivitet som skjer i gruppa. Gruppeleiar skal følgje klubben sin sportslege plan og arbeide for å realisere klubben sine sportslege målsetjingar. Vedkommande skal følgje opp alle trenarar og all treningsaktivitet i gruppa og sikre at aktiviteten skjer i tråd med det klubben har bestemt.

Gruppeleiar bør vere kjend med:

- Kva klubben står for (verdiar, visjon og verksemdsidé)
- Aktivitetstilbod
- Medlemskap
- Lisens og forsikringar
- Politiattest
- Kompetansetilbod for trenarar
- Klubben sine retningslinjer og forventningar til oppmennene/lagleiarane
- Kva klubben tilbyr sine oppmenn/lagleiarar (utstyr, klede, kurs...)

Oppgåver

- Ansvar for å utarbeide og følge opp gruppa sin sportslege plan
- Rapportere jamnleg til styret om gruppa sin sportslege aktivitet
- Utarbeide aktivitetsplan/terminliste
- Arrangere trenarmøte
- Delegere ansvar for treningsgruppene til respektive ansvarlege trenarar
- Oppfølging og utvikling av trenarane i gruppa, ansvar for kurs og utdanning
- Koordinere og følge opp det sportslege støtteapparatet
- Informasjon til foreldre/føresette og utøvarar
- Årsmelding for gruppa

Dommar

Klubben er avhengig av dommarar for å kunne delta i seriespel og ønska konkurranseaktivitet. Dommarane har ansvar for å sikre ei god gjennomføring av kampar/konkurransar.

Dommarane våre bør vere kjend med:

- Kva klubben står for (verdiar, visjon og verksemdsidé)
- Medlemskap i klubben
- Lisens og forsikringar
- Klubben sine retningslinjer og forventningar til dommarane
- Kva klubben tilbyr sine dommarar (utstyr, klede, kurs...)

Klubbdrift

Kurs og utdanning

AIK er særst interessert i at instruktørar og andre kursar seg og utviklar høgare kompetanse. Kursa kan vere både interne og eksterne. Ta kontakt med dagleg leiar/administrativ leiar om ditt kurs.

Medlemshandtering

Klubben nyttar KlubbAdmin, som er eit elektronisk medlemssystem. Me sender elektroniske betalingskrav til medlemmane.

KlubbAdmin er integrert med idretten sine øvrige system. Via Min idrett kan medlemmane sjølv utføre innmelding/utmelding på ein enkel måte.

Dugnad og frivillig arbeid

AIK vert drifta ved at mange stiller på dugnad. Eksempel på dette er trenarar og oppmenn til lag, hallvakt, vakt på tilstelling internt og eksternt, drift av kiosk, vareoppteljing og rydding av anlegg. Om alle bidreg med litt, så vert det ikkje så mykje på nokre få, og ein får verkeleg kjensla av å vere med i fellesskapet.

Politiattestar

Klubben krev politiattest av alle tilsette og frivillige som skal utføre oppgåver for klubben som inneber eit tillits- eller ansvarsforhold overfor mindreårige eller menneske med utviklingshemming. Det er to viktige overordna grunnar til at norsk idrett har innført ei ordning med politiattest:

1. Seksuelle overgrep mot barn kan absolutt ikkje sameinast med idretten sitt verdigrunnlag.
2. Norsk idrett skal vere ein trygg stad å vere for barn, og ein trygg stad for foreldre å sende sine barn.

AIK følger Nifs retningslinjer for politiattest <https://www.idrettsforbundet.no/klubbguiden/politiattest/>

Sjå heimesida for prosedyre:

www.aik.no - politiattest

Beredskapsplan ved mistanke om trakassering og seksuelle overgrep mot medlemmar

Klubben har utarbeidd beredskapsplan ved mistanke om trakassering og seksuelle overgrep mot medlemmar og etiske retningslinjer.

Alle med verv i klubben skal vere kjende med desse og signere for at desse er lest.

Klubben sitt antidopingarbeid

Klubben og medlemmane er omfatta av idretten sine bestemmingar om doping. AIK følgjer «REN IDRETT».

Sjå detaljar på deira heimeside:

[REN IDRETT](#)

AIK har krav om at alle som skal delta i eit NM-arrangement, skal gjennomføre e-læringskurs og oppmodar alle andre til å gjennomføre kurset frivillig.

Kommunikasjon-

AIK publiserer nyhende via heimesida, og e-post og sms via KlubbAdmin.

Om nokon skal bruke logo i brev, kan den hentast på heimesida:

www.aik.no - logo

Arbeidsgjevaransvar

Styret har arbeidsgjevaransvar for alle tilsette. Dagleg leiar har fått delegert oppfølgingsansvar for øvrige tilsette, trenarar og oppmenn.

Alle som har teke på seg tillitsverv i klubben, må vere medlemmar av klubben eller vere underlagd idretten sitt regelverk gjennom ein avtale.

Tryggleiksarbeid (HMS)

Klubben har ansvar for tryggleiken for medlemmar og andre som kjem i kontakt med klubben på arrangement, på dugnadar, under reiser og under opphald i klubben sine lokale og anlegg.

AIK driv og utarbeider ein eigen HMS-handbok som du vil finne på heimesida når den er ferdig i løpet av 2020

www.aik.no - HMS

Beredskap

Beredskap i samband med arrangement er 116117 og 110, 112 og 113, alternativt politiet sitt servicenummer 02800.

Me har hjartestartar i kiosken i klubbhuset og i vaktrommet i Austevollshallen, båre i kjeller klubbhus, medisinskrin til alle lag, og sivile bilar vert brukt ved transport av skadde til legevakt/ambulansestasjon om ambulanse er i utrykning.

Økonomi

Det er styret som har det overordna økonomiske ansvaret for klubben sin økonomi.

Det inneber at styret har ansvar for at:

- Klubben har ein tilfredsstillande organisering av rekneskaps- og budsjettfunksjonen
- Klubben har ein forsvarleg økonomistyring

Styret har delegert oppgåver knytta til den daglege oppfølginga av økonomien til klubben sin daglege leiar. Den daglege leiaren kan delegere den løypande bilagsføringa og ajourhald av rekneskapet til rekneskapsførar og Administrativ leiar

Styret sine oppgåver knytta til rekneskap og økonomi

- Styret skal utarbeide eit realistisk budsjett.
- Styret skal sikre at rekneskapet først fortløpande.
- Styret skal sikre at klubben har ein eigen bankkonto.
- Styret skal sjå til at det krevjast to signaturar i banken.
- Styret skal sjå til at klubben har teikna underslagsforsikring.
- Styret skal sjå til at klubben har vald revisor eller engasjert revisor og kontrollkomité.

Forsikringar

- Alle barn som er medlemmar av lag tilslutta NIF, er forsikra gjennom Norges Idrettsforbund fram til den dato dei fyller 13 år. Kontingent må vere betalt for å vere definert som medlem.
- For dei over 13 år, må ein sjekke med gruppa eller gruppene ein er medlem av, kva dei har av forsikring.
- Deltakarar på idrettsskule eller arrangement i regi av AIK under 13 år, er forsikra.

Anlegg og utstyr

- AIK disponerer Austevollshallen og Austevoll idrettsanlegg. I tillegg kan ein og få treningstid på Selbjørn og Hundvåkøy idrettsanlegg. Ein kan og søke tider på Storebø skule.
- Basseng: Austevollbadet - bassengtider vert tildelt av Austevoll kommune.
- Austevoll kommune har vedlikehaldsansvar og eig alle anlegga.

For å finne ut kva utstyr ein treng, kan låne eller må halde privat, så må ein sjekke med den gruppa aktiviteten skjer i på heimesida:

www.aik.no

Utmerkingar

Markering med pengepremie for gullmedalje i NM.

Kvar enkelt gruppe kan ha eigne utmerkingar.